

# **Forankring av prosjektplan for friluftslivets ferdsselsårer i Modalen Kommune**

## **Bakgrunn:**

Vestland fylkeskommune har invitert kommunane til å delta i eit nasjonalt prosjekt for utarbeiding av ein plan for friluftslivets ferdsselsårer, som mellom anna skal betre turvegar, turstiar, turløyper og turled i kommunane. Prosjektet er forankra i klima- og miljødepartementet sin Handlingsplan for friluftsliv (2018) og skal betre kunnskapsgrunnlaget for forvaltning og planlegging. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar (M-1292) der arbeidet med planen er delt i fire steg.

I Modalen Kommunes kulturplan vedtatt i September 2020, står det blant anna følgjande mål: «Ta vare på område avsett til friluftsliv og legge til rette for nye område» Me ønskjer å kartlegge eksisterande nettverk av ferdsselsårer, for å finne ut kva som trengs av vedlikehald.

## **Forankring:**

Me vil følgje dette opp med å utarbeide ein plan for friluftslivets ferdsselsårer. Dette arbeidet må forankrast politisk, og kan gjerast gjennom vedtak i kommunestyret eller det politiske utvalet som har ansvar for fagfeltet.

## **Mål for arbeidet:**

### **Effektmål:**

- Økt fysisk aktivitet og betre helse i befolkninga som heilheit
- Økt bolyst og attraktivitet som bosted og reisemål
- Et bredt aktivitetstilbud, med ulik tilretteleggingsgrad, sommer og vinter, for alle i kommunen
- Skape nettverk og god koordinering mellom aktørar som arbeider med ferdsselsårar

### **Resultatmål:**

- Vi vil betre tilrettelegginga for krevjande og slitte ferdsselsårar
- Alle turruter i kommunen skal leggjast inn i Nasjonal base for tur- og friluftsruter

## **Avgrensing av arbeidet:**

Modalen kommune har vald å avgrense arbeidet til turstiar, turvegar, turruter og målpunkt (t.d. parkering, rastepllassar, knutepunkt, turhytter) i kommunen. Planen skal i fyrste omgang inkludere fotturar og skiturar. Det skal vurderast å ta med fleire bruksformar ved seinare revisjonar av planen. Døme på dette kan vere padleruter. Geografisk skal planen dekke heile kommunen.

## **Organisatorisk forankring:**

Modalen Kommune er prosjekteigar og rådmannen er prosjektansvarleg. Kommunens seksjon for Natur, kultur og fritid, har ansvaret for den praktiske gjennomføringa.

**Organisering av arbeidet:**

Styringsgruppe: Leder i Kundetorget Lin-Tove Thomassen og Kent Tur Amundsen

Prosjektleder: Konsulent for Kultur og fritid, Kent Tur Amundsen

Arbeidsgruppe:

- |                              |                       |
|------------------------------|-----------------------|
| - Konsulent Kultur og fritid | Kent Tur Amundsen     |
| - Modalen idrettslag         | Jannicke Surland Våge |

Arbeidsgruppa møtes ved de punkta som er angitt i framdriftsplanen.

Referansegruppe:

- Folkehelse
- DNT
- Turlag
- Grunneigarar
- Teknisk avdeling

**Medverknad:**

Oppstart skal annonserast på kommunens nettside samt i lokalavis. I annonseringen skal det vere ei kort forklaring av kva målet med arbeidet er, og arbeidets gang. Det skal komme fram at alle er velkomne til å komme med innspel og kommentarar undervegs.

**Økonomi:****Utgifter**

|   |               |
|---|---------------|
| Arbeid med prosjektplan, forankring og rekruttering | kr. 25 000.-  |
| Medverknadsprosess                                  | kr. 25 000.-  |
| Annonsering og høyring                              | kr. 10 000.-  |
| Kartlegging av no-situasjon                         | kr. 60 000.-  |
| Sum   | kr. 120 000.- |

**Inntekt**

|                         |               |
|-------------------------|---------------|
| Fylkeskommunalt tilskot | kr. 60 000.-  |
| Eigenkapital            | kr. 60 000.-  |
| Sum                     | kr. 120 000.- |

Framdriftsplan:

Dataar er satt frem til det skal søkes nye midler frå fylkeskommunen.

| Milepæl  | Tidsplan | Ansvar                                       | Oppgåver  | Møte  |
|--|----------|--|---|---|
| Oppstart av arbeidet.                              | 17.10.23 | Leiar kundetorget<br>Lin-Tove Thomassen      | Ferdigstille prosjektplan, organisering.                  | Oppstartsmøte i arbeidsgruppa, med ekstern deltaking. |
| Forankring av prosjektet.                          | 19.10.23 | Prosjektleiar                                | Sak til politisk handsaming og annonsering av prosjektet. | Kommunestyre og møte i arbeidsgruppa.                 |
| Medverknad med interessegrupper.                   | 04.11.23 | Prosjektleiar                                | Dialogmøte med aktuelle interessegrupper.                 | Dialogmøte.   |
| Kartlegging av No-situasjonen internt.             | 11.12.23 | Prosjektleiar                                | Innsamling av data.                                       | Møte i arbeidsgruppa.                                 |
| Kartlegging av No-situasjonen eksternt.            | 05.02.24 | Prosjektleiar                                | Dialogmøte med aktuelle interessegrupper.                 | Dialogmøte.   |
| Kvalitetssikring av mål                            |          | Prosjektleiar                                | Legge fram sak for drøfting av mål                        | Møte i arbeidsgruppa                                  |
| Analyse av avvik mellom no-situasjonen og mål      |          | Prosjektleiar                                | I samarbeid mellom arbeidsgruppa og ekstern?              | Arbeidsgruppa   |
| Føreslå tiltak                                     |          | Prosjektleiar                                | Få fram forslag til endringar                             | Styringsgruppa  |
| Vurdera og analysera tiltak opp mot mål i arbeidet |          | Prosjektleiar                                | I samarbeid mellom arbeidsgruppa og ekstern?              | Arbeidsmøte og oppsummerande møte i Arbeidsgruppa     |
| Høyring  |          | I samarbeid mellom arbeidsgruppa og ekstern? | Sluttføra planen  | Oppsummerande møte i prosjektgruppa.                  |
| Vedtak av plan                                     |          | Rådmannen                                    | Rådmannen legg fram planen til kommunestyret              |   |